



Vestnes kommune
Rådhuset
6390 VESTNES
Att. Jacobsen, Jan Rune

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vestnes kommune

Detaljregulering - reguleringsplan 60/32 og 60/92 i Tomrefjord

Trekking av motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Statsforvaltaren har motsegn til reguleringsplan Vikfjørå grunna manglande avklaring av støy, jf. vårt brev av 06.08.2020 og 15.10.2020.

Vestnes kommune har i e-post av 01.02.2021 sendt over reviderte saksdokument. Det er no utarbeidd eit støynotat av Norconsult av 27.01.2021 og føresegnene er oppdatert. Jf. føresegn 3.3 skal støyande arbeid berre utførast på dagtid (7-19) på kvardagar, maksimalt 2 timer per dag og skal gå føre seg inne i naustet.

Statsforvaltaren vurderer at støytilhøva er tilstrekkeleg ivaretatt, med eitt vilkår. I tillegg til det som går fram av føresegn 3.3 må ein tilføye: «*Støynivå ved fasade for støyfølsamt bruksformål eller leikeplass skal ikkje overskride 55dB*». Med føresetnad om at dette blir endra trekker Statsforvaltaren motsegn til støy fremma i brev av 06.08.2020 og 15.10.2020.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
Rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:
Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fylkeshuset 6404 Molde